

# Brystskjold

## Viktig å vite

- Av og til klarer ikkje barnet å få tak på brystet. Viss ikkje problemet er mogleg å løyse med andre tiltak kan brystskjold vere eit godt alternativ som kan redde amminga og gjere at barnet blir amma eller delamma lenger.
- Brystskjold kan føre til at brystet blir dårlegare stimulert når ein bruker brystskjold i staden for at barnet dier direkte frå brystet. For å unngå dette bør du pumpe eller handmjølke 2 gonger i døgnet for ekstra stimulering.
- Sjølv om du bruker brystskjold ei periode, så anbefaler vi at du prøver å amme utan skjold etter kvart.

## Påsetting av skjold

- Pass på å få eit brystskjold som passer til brystknoppen din –ikkje til barnet sin munn eller storleiken på sjølve brystet
- Reine hender, reint og tørt brystskjold
- Stimuler gjerne utdrivingsrefleksen på førehand ( ta på brystet, handmjølke litt)
- Vreng brystskjoldet sine «vengar», sjølve tuppen skal ikkje vrengast heilt,-men den kan enten dyttast så mykje at den vert ståande inne (bilde 1 ) eller du kan halde den vrengt med fingrane så opningen utvidar seg godt (bilde 2). Då får du samtidig godt grep med fingeren på hola- gjer det du syns fungerer best. Det gjer at skjoldet blir trekt litt ut slik at det lager vacuum som hjelper til å trekke brystknoppen lenger inn i skjoldet når det plasserast på og brettast tilbake. Få hjelp til å bli vist dette.

Bilda er henta frå ammehjelpen.no



Bilde 1

Bilde 2

- Sett brystskjoldet over brystknoppen og vreng «vengane» tilbake medan du held over hola på tuppen.
- I beste fall trekker brystknoppen seg ut i skjoldet- med minst mogleg tomrom mellom bryst og skjold
- Stimuler barnet til å gape høgt med tuppen av skjoldet mot barnet sin nase /overleppe. Barnet skal ha heile tuppen/tuten på skjoldet inne i munnen, leppene skal ligge tett mot botnen på skjoldet så du ikkje ser noko av tuppen/tuten. Det skal heller ikkje bevege seg inn og ut av barnemunnen når barnet sug.
- Lytt etter om barnet svelg, og kjenn etter om brystet kjennest mjukare etter amminga

**Telefon:** Molde/Kristiansund: 71 12 00 00  
Ålesund: 70 10 50 00  
Volda: 70 05 82 00

**Postadr:** Postboks 1600  
6026 Ålesund

**Internett:** [www.helse-mr.no](http://www.helse-mr.no)

**E-post:** [postmottak@helse-mr.no](mailto:postmottak@helse-mr.no)

**Org.nr:** 997005562

## **Avvenning frå brystskjold**

- Dette krev ofte tid, tålmodigheit og støtte.
- Forsøk å ta av brystskjoldet litt ut i amminga når mjølka renn og brystknoppen er komen godt ut
- Det kan vere lurt å prøve på ei tid av døgnet barnet er roleg.
- Avvenning kan også gjerast ved å klippe større og større hol på skjoldet slik at barnet sug meir og meir på brystet.

## **Reingjering av skjold**

### **På sjukehuset**

Vaskast i godkjend maskin mellom kvar bruk

### **I Heimen**

Etter bruk : Skyll skjoldet i kaldt vatn, deretter varmt . Oppbevarast reint

Skjoldet må kokast ca 5 minutt minst ein gong pr døgn.

---

**Telefon:** Molde/Kristiansund: 71 12 00 00  
Ålesund: 70 10 50 00  
Volda: 70 05 82 00

**Postadr:** Postboks 1600  
6026 Ålesund  
**Internett:** [www.helse-mr.no](http://www.helse-mr.no)  
**E-post:** [postmottak@helse-mr.no](mailto:postmottak@helse-mr.no)

**Org.nr:** 997005562